



## Referat møte Sykkylven sokneråd 03.02.26.

Tid : 03.02 kl 18.30- 21.30

Stad : Kyrkjestova, Sykkylven kyrkje

Mat : Therese Stave Hovland

Åpning: Kari Myklebust

### **Sak 01/26 Godkjenning av innkalling og sakliste**

Sakliste sendt i 2 omgonger, fordi fleire saker og vedlegg kom til.

Stokka litt om på rekkefølge sakene pga kyrkjevergen sine presentasjonar.

### **Sak 02/26 Godkjenning/gjennomgang av referat frå soknerådsmøte 30.10.25**

Einstemmig godkjent.

### **Sak 03/26 OFFERLISTE** Offersøknader frå sentralt / lokalt:

Soknerådet går for vedlagt forslag, med tillegg:

Dersom konfirmantgruppa presenterar misjonsprosjekt 19.04, vert offer til Kyrkjelydsarbeid omgjort til offer til Misjon Kenya.

Dersom det er ønske frå offermottaker om å bytte dato, kan offermottaker melde frå om dette *i god tid* til prest. Minner om at det er ønskeleg at offermottakar kan kome og presentere formålet, og gis rom til det, i den gudstenesta ein har offeret.

### **Sak 04/26 Datoplan 2026**

1. Soknerådsmøter: 03.03.26, 21.04, 26.05, (stryk 02/06)
2. Dato Medarbeidarfest /årsmøte:
  - døype om Medarbeidarfest til Frivilligfest.
  - soknerådet prøver ut i år å skille frivilligheitsfesten og årsmøtet.
  - tentativ dato for Frivilligheitfesten 12.03., Arild spør Ikornnes sokneråd om dette, då vil ønsker felles fest i år.
3. Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon: Einstemmig vedteke at Sykkylven deltek i aksjonen. Georgia, Eli Cesilie og Therese U. Aas deltek frå soknerådet.

4. Sammen som kirke: 07.06.26
  - folk kan melde seg ved ønske til May Lisbeth Hovlid Aurdal som har vidare kontakt med tilsette i kyrkja
  - Planlegging av gudsteneste og samling etter
  - Samtidig avslutning for søndagsskule og kor denne dagen
  - Therese U Aas ser på kva som let seg gjere med ev utlodning av handarbeide.
5. Visitas v 49 2026: kva er soknerådet sitt ansvar/oppgåver denne veka og i forkant?
  - dette punktet blir utsett til neste møte

#### **Sak 05/26 Kyrkjestova (Saksdokument frå kyrkjeverge)**

- Soknerådet går einstemmig inn for forslaget lagt fram frå prosjektgruppa. Det er svært positivt med tanke på gjenbruk og å bruke interne krefter på dette.

#### **Sak 06/26 Val leiar / nestleiar:**

- Fleirtal for May Lisbeth Hovlid Aurdal leiar
- fleirtal for Therese Utgård Aas som nestleiar

#### **Sak 07/26 Saksframlegg: Satsar og reglement ved leige av kyrkjene:**

Blir vedteke som framlagt, **med** presisering som kom fram på møte, altså at ein presiserer og endrer vedtektene slik at det må stå **“Minst 2500, men ellers 10% av inntektene.”** **Det må presiserast** at det står ordet “minst” foran 2500, og ikkje minst foran 10%, for å unngå 1) forvirring og usemje og 2) å tape inntekter.

#### **Sak 08/26 Taushetsplikt- erklæring vart underskreven.**

#### **Sak 09/26 Søknad om støtte**

Sykkylven Gospelkor har søkt om støtte til drift av koret på kr 15 000. Koret har hatt ein nedgang i antal medlemmer og økonomi i det siste, og ber om støtte for at koret kan overleve.

Vedtak: Soknerådet vil støtte Sykkylven Gospelkor med kroner 10 000.

#### **Eventuelt: SAK 10/26:**

Arild informerte om eit pågåande prosjekt om kunsten og innreiinga i kyrkjerommet. Dette for å sikre kunnskap, bilete og informasjon om kyrkjerommet si utforming og kunst.

Tanken var eit lite hefte på 20 sider, der første estimert pris var 20-25 000 kr (eksl. moms). Etter mykje engasjement og kunnskapsinnhenting, vaks prosjektet, og utvikla seg til det doble,- eit hefte på 40 sider. Estimert kostnad er no 50 000 (eksl moms.)

Pga auka kostnader, kjem saka altså til soknerådet.

Prosjektgruppa ønsker evt klarsignal frå soknerådet, for å få lansert heftet raskt.

Kommentar :

- soknerådet ynsker informasjon tidlegare, før prosessar er kome til slutføring.
- Viktig at bruken er gjennomtenkt, og dersom det skal brukast i undervisning, at materialet /tekst er tilpassa målgruppene.

Vedtak: Einstemmig vedteke å gi klarsignal for dette slik det ligg føre, med dei kommentarane som soknerådet ga.

NB: Neste SR møte : 03.03.26